



Arkivnr: 2015/11179-50

Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Godkjenning av rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

#### Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 70/16 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 i møte 4.10.2016:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:*
  1. *Investeringsplanlegging*
  2. *Arkivering og journalføring*
  3. *Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel*
  4. *Vedtaksoppfølging*
  5. *Internkontroll*
  6. *Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall*
  7. *Psykososialt læringsmiljø*
  8. *Beredskap på vegnettet*
  9. *Vurdering av læringsutbytte*
  10. *Særskilt om språkopplæring*
  11. *Kulturminneforvaltning*
  12. *System og rutinar for bierverv*
  13. *Tilskotsforvaltning*
2. *Planen erstattar revidert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal reviderast og evaluera minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisionar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Kontrollutvalet handsama sak PS 141/17 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 18.12.2017 og dette vart protokollert:**

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2018 gjennomføra ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekne planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringer utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.01.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.

**I saksframlegget som låg til grunn for denne saka går det m.a. fram dette:**

«Kontrollutvalet ville ha gjennomført ei rullering av planen i løpet av 2018 uavhengig av at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slå seg saman frå 01.01.2020. På bakgrunn av dette har kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hatt to felles arbeidsmøte der ein har drøfta korleis ein skal handsame ansvaret som kontrollutvala har i denne prosessen.

I referatet etter felles arbeidsmøte mellom kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar 21. november vart det nedfelt følgjande om Plan for forvaltningsrevisjon:

*Begge kontrollutvala bør handsame sak i desember om bestilling hjå Deloitte av prosjektplan for felles evaluering av planane. Bestillinga bør vera at forslag til prosjektplan vert levert til handsaming i første møte i utvala i 2018.»*

**I møte i kontrollutvalet 05.02.2018 vart forslag til prosjektplan i tråd med vedtaket over handsama og det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller felles rullering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.02.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
6. Kontrollutvalet ønsker at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.

**I den godkjende prosjektplanen går det m.a. fram dette:**

«Revisjonen vil i samband med rulleringa undersøke om det er vesentlege endringar i risikobiletet som fører til at prosjekt bør omprioriterast eller om nye prosjekt bør kome til i planane, og om den føreståande samanslåinga gjer at ein bør prioritere annleis enn det som er gjort i eksisterande planar.

*Det vil bli gjennomført to prosesser, ein i kva fylkeskommune, for å sikre at vi fangar dei risikoar som er spesifikke for kvar verksemnd. Samstundes vil ein parallel prosess gjere at ein kan sjå risikoane i dei to fylkeskommunane opp mot kvarandre for å vurdere om det er nokre område som er felles og om det er nokre område som er meir nyttige enn andre med omsyn til samanslåingsprosessen.»*

«Revisjonen vil utarbeide eit notat for kvar fylkeskommune som vil bli lagt til grunn for rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Notata vil gje kontrollutvala grunnlag for å diskutere rekjkjefølgje eller føye til nye forvaltningsrevisjonsprosjekt.»

«I tillegg til notatet vil det bli utarbeidd ein oppdatert plan for forvaltningsrevision for kvar av fylkeskommunane.»

I møte i kontrollutvalet 04.06.2018 gjennomførte Deloitte eit prosessmøte med kontrollutvalet og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevision for perioden 2016 – 2020 for Hordaland fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Deloitte AS vert beden om å vurdera om nokre av dei prioriterte prosjekta kan slåast saman i ein forvaltningsrevision.
3. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 06.08.2018 for vidare handsaming i møte 27.08.2018.

I same møte vart det gjennomført video-møte saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune der Deloitte leia ein prosess der dei to kontrollutvala drøfta felles rullering av plan for forvaltningsrevision for perioden 2016 – 2020.

Drøfting:

I tråd med punkt 3 i vedtaket over har vi no motteke frå Deloitte revidert plan for forvaltningsrevision for perioden 2016 -2020. Slik sekretariatet ser der er den utforma i tråd med det som kom fram i prosessmøte i kontrollutvalet 04.06.2018. I tråd med punkt 5 i vedtak i fylkestinget 04.10.2016 har kontrollutvalet fått delegert mynde til å godkjenne den reviderte planen.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet godkjenner revidert plan for forvaltningsrevision for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner revidert plan for forvaltningsrevision for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Hordaland fylkeskommune - rullert plan for forvaltningsrevision 2018-2020